



Statens vegvesen

Referat

Dato: 28.04.2023

Tid: 1200 –1325

Referent: Nils Inge Romarheim

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 05.05.2023

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	3–2023
Stad:	Teams
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø
Til stades:	<u>Styringsgruppe:</u> Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Ove Nesje, Cathrine Helle–Tautra (for Kjetil Strand). <u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Øyvind Gangstad, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Vebjørn Krogsæter, Marius Maske, Ole Kristian Birkeland, Kjetil Sporse, Arild Fuglseth, Miroslav Vasilev, Tobias Hay Slinning.
Forfall:	Kjetil Strand
Kopi til:	Vebjørn Krogsæter, Carl Johansen, Arild Fuglseth.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u> Tore Johan Øvstebø opna møtet. Det har vore arrangert nettverksmøte for regionbyane i Ålesund. I det høve vart det også arrangert eit bypakke-seminar, med gode innlegg frå Bypakke Ålesund, ein fin politisk debatt og gode tilbakemeldingar frå dei andre regionbyane.	
2	<u>Trafikkløsning i sentrum – E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelmsgate</u> Ole Kristian Birkeland presenterte resultatet frå arbeidet med å svare ut styringsgruppa sine spørsmål frå førre møte: – Korleis vil intertrafikken på Sørsida påverke kollektivtrafikken og flyt over den nye brua?	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p data-bbox="400 277 1171 349">– Korleis vil ei breidde på brua på 13,75 meter påverke fleksibiliteten i forhold til val av trafikkløysingar i framtida?</p> <p data-bbox="304 398 1198 633">Potensiell trafikk frå Sørsida er vurdert basert på gjeldande reguleringsplan og vedtekter for bruk av området. Trafikken er noko auka i høve det som låg inne i modellen tidlegare. I spesielle tilfelle kan det oppstå kø og bli mindre avviklingsproblem, men i hovudsak vil trafikk frå Sørsida ikkje ha vesentleg påverknad på framkome i rushtida.</p> <p data-bbox="304 683 1198 880">Det er gjennomført sporing for to store køyretøy over brua med vedtatt breidde og to køyrefelt. Sporinga viser at vedtatt bredde og to køyrefelt ikkje oppfyller kravet til breidde i handboka, men det vil være mogleg å ha tovegs trafikk på brua. Det er 0,5 meter som manglar i høve til kravet i handboka.</p> <p data-bbox="304 929 1198 1043">Birkeland opplyste at strekket frå Arbeideren til Waterfront vil koste om lag 200 mill. kroner, og at litt under halvparten av dette er knytt til sjølve brukonstruksjonen.</p> <p data-bbox="304 1093 1198 1451">Møre og Romsdal fylkeskommune argumenterte for at ein burde byggje ei løysing som gav fleksibilitet for framtida. Om ein med vedtatt løysing med kollektiv- og sykkelgate skulle få problem med auka trafikk frå Sørsida, så har ein då moglegheit til å endre køyremønsteret for å sikre framkome for kollektivtrafikken og fortsett ha gode forhold for gåande og syklende. Det betyr at ein må leggje 0,5 meter til brubreidda på 13,75 meter, slik at ein kan få to køyrefelt med breidde i tråd med kravet i handboka. Statens vegvesen støtta dette synet.</p> <p data-bbox="304 1500 1198 1615">Ålesund kommune meinte det var veldig vanskeleg å ta saka tilbake til kommunestyret no, og at ein burde lande saka med brubreidde på 13,75 meter som vedtatt i kommunestyret.</p> <p data-bbox="304 1664 1198 1778">Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen aksepterte dette, men fylkeskommune ville då leggje ved protokollen ein grunnjevnad for kva dei meinte ville vere den beste løysinga.</p> <p data-bbox="304 1827 405 1861"><u>Vedtak:</u></p> <ol data-bbox="304 1868 1134 1982" style="list-style-type: none"> 1. Styringsgruppa legg til grunn alternativet med kollektiv- og sykkelgate i nye Keiser Wilhelms gate som trafikkløsning. 2. Ny Brosundbro bygges med en bredde på 13,75 meter. 	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune fremma på eige initiativ ein protokolltilførsel som ligg ved referatet:</p> <p><i>Møre og Romsdal fylkeskommune vil som framtidig vegeigar gjere merksam på at vi ikkje no kan garantere for at eventuelle fråvikssøknader for mindre breidde på kjørebane og fortau blir imøtekome om det blir ønske om det for å legge om trafikk mønsteret, eller kostnader som måtte kome på grunn av at vi no vel ei lite fleksibel løysing for Brosundbrua. For fylkeskommunen er det viktig å sikre at kollektivtrafikken kjem seg raskt fram og at det er gode og trafikksikre løysingar for gåande og syklistar. Det kan bety at dersom det blir auka trafikk, må det innførast restriksjonar på parkeringsplassar og personbiltrafikk inn i kollektivgata, slik at bussen ikkje blir ståande lenge i bilkø. Fylkeskommunen viser også til behovet for beredskap og alternative framføringsvegar, t.d. om det må gjennomførast rehabilitering av Hellebrua eller anna anleggsarbeid, og at det i ein slik periode kan vere mogleg å opne for to kjørefelt over Brosundbrua. Fylkeskommunen meiner difor det vil vere den beste og mest framtidretta løysinga å utvide breidda på brua med 25 cm på kvar side når ein først bygger ei bru til langt over 300 mill.kr. Fylkeskommunen tek likvel til vitande vedtaket i Ålesund bystyre.</i></p>	
3	<p><u>Årsrapport for 2022</u></p> <p>Nils Inge Romarheim presenterte årsrapporten for 2022.</p> <p>Det har vore stor aktivitet i 2022. Ramma for bypakka er 4.777 mill. 2022 kroner, og ein held seg innanfor ramma.</p> <p>Budsjettet for 2022 var 235,4 mill. kroner, medan årsprognosen i vedtatt budsjett var 163,3 mill. kroner. Rekneskapen for året vart 142,8 mill. kroner, om lag 20 mill. lågare enn årsprognosen. Dette skuldast at framdrifta på eit par prosjekt er forskyvd og at kollektivpunktet på Moa vart finansiert i stor grad av tilskotsmidlar.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Styringsgruppa vedtek årsrapport for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Årsrapport for 2022.</p> <p>Styringsgruppa vedtek rekneskapen for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Rekneskap for 2022.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
4	<p><u>Orientering om tilbudsutlysning og anskaffelsesprosess for E136 Lerstadtunnelen</u></p> <p>Ole Kristian Birkeland orienterte om status for hovedentreprisen på Lerstadtunnelen. Arbeidet er no heilt i slutfasen og ein vil lyse ut i midten av mai. Ein tek sikte på kontraktsignering i desember.</p> <p>Saka tas til orientering.</p>	
5	<p><u>Eventuelt</u></p> <p>Ingen saker.</p>	